

Jobbar du i helse og omsorg?

Vi vil vise deg moglegheitene!

- Jobbar du i helse- og omsorgstenesta i dag – og har kanskje aldri trudd at utdanning kunne vere mogleg for deg?
- Eller har du tenkt på sjukepleiarutdanninga, men tenkt at du manglar fleire av krava til opptak?

Då kan dette vere noko for deg!

StudieHub – Fjordane Studiesenter, i samarbeid med kommunane, ønskjer å hjelpe tilsette i helse- og omsorgstenesta med å kvalifisere seg for opptak til desentralisert sjukepleiarutdanning.

Du treng ikkje ha full oversikt, studiekompetanse eller «alt på plass» for å ta kontakt. Mange har verdifull erfaring frå arbeid i helse og omsorg – og det finst fleire vegar fram mot opptak.

Dette kan du få hjelp til

Når du melder interesse, får du informasjon og moglegheit til:

- ei uforpliktande kartlegging av kva kompetanse og erfaring du har
- oversikt over kva som eventuelt manglar for å bli kvalifisert
- rettleiing og støtte vidare, steg for steg
- hjelp til å planleggje eit realistisk løp fram mot opptak

Målet er å gjere det mogleg for fleire å kvalifisere seg til sjukepleiarutdanning med oppstart hausten 2028, samtidig som ein kan stå i jobb.

Er dette noko for deg?

Dette kan vere aktuelt for deg som:

- jobbar i helse- og omsorgstenesta
- er ufaglært, har fagbrev – eller lang erfaring
- er nysgjerrig på moglegheitene dine, men usikker på krava

Å melde interesse er heilt uforpliktande. Du får meir informasjon og rettleiing etterpå.



Meld interesse